LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 23.05.2016 |
| Vår: 16/1328 - 16/13518 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Oversending av søknad til uttale - dispensasjon frå kravet om utarbeiding av ny reguleringsplan og dispensasjon frå vegloven frå kravet om byggegrense - gbnr 185/23 Isdal

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kravet om utarbeiding av ny reguleringsplan, jf. kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2019, føresegn 2.3.13 og 2.3. Saka gjeld også søknad om dispensasjon frå kravet om 50m byggegrense frå vegmidte til FV57 , jf. arealdelen av kommuneplanen 2011-2023, pkt. 1.6. Tiltaket gjeld oppføring av midlertidig plashall i 3 år – gbnr 185/23 Isdal.

**Planstatus**
Eigedomen er omfatta av kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2019. Området er satt av til Bustad/Forretning/Kontor samt ny vei. Oppføring av midlertidig plasthall i 3 år krev dispensasjon.

**VURDERING**

**Dispensasjon**
Vår vurdering av dispensasjonssøknaden i denne saka vil i stor grad avhenge av høyringsutalane i saka. Vi gjer likevel merksam på at kommunen er positiv til søknaden. Oppføring av ein plasthall vil utfylle bruken av eigedomen som forretningsvirksomhet/kontor. Eigedomen ligg i eit område som er delvis utbygd med forretningsvirksomhet/kontor. Ei vidare utbygging vil komplimentere områdets karakter og framtoning.

**Veglova**

Statens Vegvesen har gitt midlertidig dispensasjon frå byggegrense for eigedom gbnr 185/23 på vilkår den 11.05.2016. Deira dispensasjon fell bort dersom tiltaket ikkje er starta opp innan 3 år frå vedtaksdato. Minsteavstand frå bygning (takutspring) til senterlinje kjøreveg skal vere minst 23 m.

**Andre tilhøve**
Det er ikkje lagt ved eigen søknad om legging av røyr/borehull frem til tilkoplingspunktet for offentlig kommunalleidning. Røyrtrase vil gå under plasthall. Vi forstår søknaden i sin heilhet slik at det i tillegg til oppføring av midlertidig plasthall, så er det også søkt om løyve til etter plan – og bygningsloven for legging

av rør/borehull frå forretningsbygg frem til tilkoplingspunktet for offentlig kommunalleidning. Denne delen av søknaden er mangelfull. Administrasjonen vel likevel å sende søknad om dispensasjon til uttale. Det er sendt brev til ansvarleg søkjar med trong for tilleggsinformasjon.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Situasjonsplan
KOPI av svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 185/23 Isdal
Vedk svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 185/23 Isdal
Foto og skisse
Søknader om dispensasjon
Kart, gbnr 185-23
Kommunedelplan Knarvik-Alversund 2007-2019 - gbnr 185-23

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Hordaland, H Sandvik AS, HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Lindåsvegen 153 AS v/Nordhordland Elektro AS, Planavdelinga, Teknisk drift | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| H Sandvik AS | Galteråsen 4 | 5916 | ISDALSTØ |
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Lindåsvegen 153 AS v/Nordhordland Elektro AS | Lindåsvegen 153 | 5916 | ISDALSTØ |
| Planavdelinga | | | |
| Teknisk drift | | | |